



Fotograf: Torbjørn Hovland

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN

ÅRET 2015

*«Nær menneske, nær Kristus»*

# INNHOLD

## Innhold

Gudstenester og kyrkjelege handlingar	1
Trusopplæring	5
Drift av kyrkja og gravplassen	8
Økonomi	12
Anna arbeid i kyrkjelyden	16

Fitjar, den \_\_\_\_/\_\_\_\_-2016

Helga Olsen Aadland  
Leiar i soknerådet

Rasmus Fitjar  
Leiar i fellesrådet

Sigrid Marie Fangel  
Nestleiar i soknerådet

Terje Havro  
Nestleiar i fellesrådet

Bodil Nesse  
Skrivar  
Gunnvald Aarbø

Sindre Aarbø  
Mette Elisabeth Lambach

Olav J. Oma  
Sokneprest

Sigurd André Maaras  
Kommunal representant

Harald Rydland  
Kyrkjeverje

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## GUDSTENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGAR

Heilt generelt ser vi at den kyrkjelege situasjonen er stabil på Fitjar. Der er eit par hundre menneske mindre til gudsteneste enn året før. Men talet er likevel relativt høgt, og sjølv om vi reknar med gudstenestene på bedehusa får vi eit snitt på nær 150 menneske per gudsteneste.

I fjor hadde vi noko meir vikar enn vi er vande med på Fitjar. Årsak til at det var fleire vikarar her i 2015 var at, vi hadde vakanse i stillinga som kyrkjelydsprest, og at soknepresten var sjukmeld i deler av året. På mange måtar var det kjekt å få inn prestar utanfrå, og mange har gjeve positive tilbakemeldingar på og til dei som har vikariert hos oss.

Likevel ser vi fram mot ei meir stabil situasjon når det i 2016 igjen vil vera to prestar på arbeid i Fitjar.

### På mannskapssida

På Fitjar var det ei viktig hending når kyrkjelyden lyste ut stilling som organist/kantor i 65% stilling, og vi fekk gode søkerar, og tilsette Jan Overweg i stillinga. Med han har vi fått ein stor musikalisk ressurs inn i alt vårt kyrkjelege arbeid. I tillegg ser vi at han er viktig inn i arbeidet som pågår med å byggja nytt orgel og galleri til kyrkja.

Den andre viktige hendinga var at det vart lyst etter kyrkjelydsprest i 100% stilling i ei toårig prosjektstilling, og Fridleif Lydersen sökte og fekk stillinga. Han kjem frå stilling som sokneprest i Bremanger og tek til hos oss 1. februar 2016.

Elles hadde vi i 2015 inne vikar for kyrkjelydspedagog i 50%. Gjennom heile året har Johannes Olsen(vikaren) vore inne og hatt ansvar for konfirmantane saman med soknepresten.

Vi har og hatt frivilleg kyrkjelydssekretær (Vigdis Aarre Olsen) på vårparten. På hausten kom Elisabeth Søndenå inn på NAV-midlar og har fungert som kyrkjeselekretær to dagar i veka. Vi har Kristian Skumsnes som kyrkjegardsarbeidar i 60%, Marte Rimmereid vaska i 2015 kyrkja på 10% stilling.

Stillingane som kyrkjetenar og klokkar, har vore basert på frivillege som har gjort arbeidet uløna. Det var 10 menneske som delte på å gjøre teneste under søndagsgudstenestene saman med kantor og prest.

### Kyrkjelege handlingar

#### Gudstenester.

Vi gjennomførte 60 søndags og helgedags gudstenester i fjor. Vi har innført normalordningar for liturgi som kyrkjelyden er nøgde med og som det er lett for vikarar å gå inn i.

#### Dåp

Vi gjennomførte 32 dåp i 2015, av desse var 19 busette i soknet, dvs at heile 13 born kom «heim» for å bli døypte. Det er kjekt. Av det totale kullet ser vi at fleire dryger noko med dåpen, slik at borna ofte er litt eldre (4-6 mnd) enn før når dei vert døypte.

Når eg ser på dei fødde i Fitjar 2015, ser vi at der er nokre få som vel å ikkje døype. Det er ikkje ein trend (enno).

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## Nattverd

I 2015 hadde vi 38 gudstenester med nattverd, og meir enn 3000 menneske til nattverd, det var ei auke på over 500 frå året før. Årsaka til auken er uviss, men kanskje kan det bety noko at vi oftare hadde nattverd ved intinksjon, noko som vi ser er med og senkar terskelen for å ta i mot sakramentet.

## Konfirmasjonar.

Dei aller fleste vel kyrklege konfirmasjon. I 2015 var det 45 av 50 9. klassingar som valde dette. Vi gjennomfører konfirmasjonane på ei helg, og har gudstenester både laurdag og søndag. For både personell og festdeltakrar har dette vore udelt positivt. Det er noko meir arbeid med 3-4 gudstenester, men dei blir meir handterbare, det blir betre opplevingar og gudstenester for alle som deltek.

## Vigslar.

Talet på kyrklege vigslar var historisk lågt i fjar, 4.

Årsak, vi veit ikkje. Men talet ser ut til å stige inneverande år.

## Gravferd

Vi hadde 28 gravferder frå kyrkja i 2015, og svært mange menneske vel å vera med i gravferder i soknet.

## Trusopplæring

Trass i at fjaråret fokusert på trusopplæring for vaksne fekk vi ikkje til noko satsing på det i 2015. Alpha vart forsøkt oppstarta med for låg oppslutnad til at vi gjekk vidare med det. Noko av årsaka til at ikkje meir vart forsøkt ligg i at presteressursen var lågare enn vi er vande med.

Trusopplæringa for born og unge er framleis i den fasen at ting vert starta opp og utprøvd. Vi ser at mykje har god oppslutnad. Pga kyrkjelydspedagogen har vore i permisjon og vi har hatt vikar inne i denne stillinga fekk vi ikkje kome i gang med alle tiltaka vi skulle i 2015. Likevel vil vi sei at vi ligg godt i rute med arbeide.

For 16-18 årsgruppa har vi ikkje gjort nok, men planane ligg der og skal gjennomførast i 2016.

Om skulegudstenestene så har vi gudsteneeter til jul og påske. Her er det eigentleg ikkje noko nytt å melde. Det har vore mykje støy i media kring desse, mellom anna om påmelding, men lokalt har vi inntrykk av at samarbeidet kyrkje skule fungerer bra.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## SOKNEPRESTEN SINE OPPGÅVER

Soknepresten er tilsett med Fitjar sokn som tenestad, i tenestedistriktet Sunnhordland prosti. Soknepresten skal forvalta ord og sakrament slik at kristen tru og kristent liv blir fremma, dette skjer ved:

- a) holde forordnede gudstjenester og forrette kirkelige handlinger,
- b) utføre dåps- og konfirmasjonsopplæring,
- c) utøve sjelesorg og veiledning, gå med dødsbud, reise i soknebud og også ellers besøke syke
- d) utføre forkynnararbeid og i samråd med menighetsrådet annet menighets byggende arbeid.

Presten skal også utføre andre gjøremål som er eller måtte bli pålagt ved lov eller bestemmelse av Kongen eller departementet.

Presten skal forberede ovennevnte gjøremål og sette av nødvendig tid til studium og personlig fornyelse.» (§ 2. i tenesteordning for menighetsprest)

Soknepresten har sete og stemmerett i Fitjar sokneråd og fellesråd og er elles med i Diakoninemnda, gudstenesteutval og er redaktør for kyrkjebladet. Han har møterett i undervisningsutvalet.

Soknepresten har beredskapsteneste saman med dei andre prestane i Sunnhordland.



## AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

I 2015 vart det totalt halde 60 gudstenester på søn- og helligdagar, med 8896 deltagarar, dvs eit snitt på 148 menneske på kvar gudsteneste. I tabellen nedanfor kjem det fram meir informasjon om deltaking på dei ulike aktivitetane:

## FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

I Fitjar kyrkje	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Døypte	32	38	26	34	38	32
Konfirmerte	45	52	52	27	48	38
Vigslar	4	7	8	3	3	8
Gravferd	28	19	25	29	24	25
Deltakarar i kyrkja søndag og helgedagar (med andre gudst.)	8896 (10244)	9139 (10577)	8880 (10434)	8400 (9973)	8800 (10415)	7897
Gj. snitt frammøte i kyrkja	148/60	152/60	148/60	140/60	160/55	149/53
Nattverd/gudstenester	3153/37	2626/35	2623/36	2700/38	2661/37	2481/35
Kyrkjedoffer	416430	379524	384478	381780	369482	351852
+ Fast gjevarteneste	56280	138000				
+ Kyrkjeblad	36000	63000				

Olav J. Oma  
Sokneprest  
12.03.2015

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## Trusopplæring

v/ vikarierande kyrkjelydspedagog Johannes Olsen

### AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden vert gjennomført i tråd med trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen. I 2015 skulle desse tiltaka gjennomførast:

Tiltak	Namn	Deltakarar	Av inviterte
B0	Dåp	32	145 %
B1	Babysong	28	140 %
B2	Kveldssamling	7	35 %
B3	Adventssamling	-	-
B4	Utdeling av 4-årsbok og kyrkjevandring	28	90%
B6	Barnas påskefest	20	57%
B7	Pinsefest	10	31%
B9	Tårnagent	21	66%
B11	Lys vaken	29	69 %
B12	Kode B (for få påmelde)	7	18%
B15	Konfirmasjon	46	115%
B16	Loved i praksis	-	-
B17	Ung Tru (ikkje ressursar til gjennomføring)	-	-

### MEIR OM ARBEIDET

Det er generelt bra oppmøte på dei ulike trusopplæringstiltaka me har i Fitjar. Spesielt dei nasjonale tiltaka som tårnagent og lys vaken og 4-årsbok er populære. Det tyder på at ting som er bra laga til, og innarbeida tradisjonar fungerer best. I andre tiltak har det vore litt mindre oppmøte, men det har vore kjekke samlingar der dei har blitt kjent med kyrkjebygget og bibelen. Sidan det har vore mykje utskiftingar på personalfronten, og det til tider har vore lite ansatte i kyrkja. Har ikkje alt gått etter planen. Noko har blitt kutta ut, og andre ting har blitt forenkla. Men for komande år ser dette bra ut.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## BABYSONG OG SMÅBARNSTREFF

Tilbodet inneholder songstund, nistemåltid og sosialt samvær for ungar under skulealder saman med ein voksen på Fitjar bedehus, annakvar tysdag kl. 10.30-12.00.

Babysong er organisert som eit kurs på 8 samlingar og er for babyar mellom 0 og vel 12 månader. Her er det påmelding. Kurset kostar kr. 150,- og deltakarane får eit enkelt songhefte og ein cd.

Småbarnstreff er for alle ungar mellom 0 og 6 år saman med ein voksen, det er gratis og krev ikkje påmelding.

Babysong og småbarnstreff går parallelt, med babyane på loftet og småborna i "matsalen" på bedehuset.

Babysongkurset er ein del av trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden. Småbarnstreff har vore eit supplement til trusopplæringstiltaka for adresegruppa 0-6 år.

Som regel er det 8 samlingar i halvåret à 1,5 time. Nokre semester har tilbodet vorte utvida med eigne utetreff utan anna opplegg enn å vera saman ute, leika og eta niste. Det har og vorte arranger skogstur med kokking av påskeegg og grilling m.m. Nokre semester har babysong og småbarnstreff delteke på ei gudsteneste i kyrkja.

Deltakartalet på babysongkurs var 14 babyar + mødre/fedre, både på kurset om våren og hausten. På småbarnstreffet har det vore mellom 0-17 ungar og 0-11 voksne kvar gong. Snittet har vore 9 ungar kvar gong på våren og 4 ungar kvar gong på hausten.

Deltakartalet tilseier at det skulle vera grunnlag for å halda fram med babysong. Det kan sjå ut som det ikkje lenger er behov for eit tilbod for ungar mellom 1 og 6 år på føremiddagstid. Dei aller fleste i denne alderen går i barnehage i dag. Det har vore ein jamn nedgang dei to siste åra, og hausten 2015 var ein nede i eit snitt på berre 4 ungar kvar gong. Me ser for oss at me ved semesterslutt våren 2016 må vurdera om ein skal fortsetta med småbarnstreff eller leggja det ned (sett ut frå behov).

Leiarar for tiltaket er Helga Rimmereid og Astrid Koløen Prestbø.

Til hjelp på kjøkenet i 2015 har desse vore med:  
Marta Eide Helland, Elin Korneliussen (våren) og  
Gerd Traæet.

Me har det utstyrt me treng i forhold til musikk, instrument, leiker o.a. Dei einaste "daglege" utgiftene er til kaffi, te, saft og litt reinhaldsartiklar, og innkjøp av cd-ar (det siste vert akkurat dekka av kursavgifta). Me har med jamne mellomrom fått takkoffer frå kyrkja og med dei lave kostnadane me har er økonomien god.

Helga Rimmereid



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## NYE TILTAK I 2015

Me har ikkje starta nokre nye tiltak i 2015 på grunn av bemanningssituasjonen som har vore.

## PLANAR FRAMOVER

Etter planen for trusopplæring skal desse tiltaka ha oppstart i 2016:

B5: Den gode hyrding – August/september

B13: Kode D (Gjennomført med suksess) - Januar

B14: På sporet av Jesus – Mars

B17: UngTru – Oktober

B18: Vaksen –



Sidan bemanninga no er slik den skal vere, bør alt gjennomførast, men ut frå interesse for tiltaka, og at det kanskje er litt mykje for ei så lita stilling, så kan det vere at ikkje alt kjem i mål. I løpet av året skal altså heile planen vert sett i gong, men nokre av tiltaka vil nok forandre litt karakter, for å lette arbeidet eller få større deltaking.

Johannes Olsen

Kyrkjelydspedagog  
01.04.2016

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## Drift av kyrkja og gravplassen

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

### PERSONALE

Når det gjeld endringar i staben gjennom året vert det vist til soknepresten sine kommentarar.

I 2015 har desse vore tilsette i kyrkjestaben:

Sokneprest, Olav J. Oma

Kyrkjeverje i 50%, Harald Rydland.

Kyrkjegardsarbeidar, 60%, Kristian Skumsnes

Kantor, 65 %, Jan Overweg (frå oktober)

Kyrkjelydspedagog, 50%, Silje F. Fyllingen (i permsjon)

Kyrkjetenar, 40%, Birgitte D. Brenne (i permisjon frå april).

Vikar som kyrkjelydspedagog, 50%, Johannes Olsen

Vikar som kyrkjetenar, 10%, Marte Rimmereid

Samarbeidet i staben har vore godt.



### KYRKJEBYGGET

Sjølv om Fitjar kyrkje no nærmar seg ein alder på 150 år, er den i god teknisk stand. Det meste av materialane både utvendig og innvendig er frå då kyrkja var ny i 1867. Det tyder på at dei som bygde kyrkja har vore oppteken av kvalitet. Likevel treng bygget vedlikehald for at det ikkje skal forfalla. I 2015 har me i hovudsak hatt to vedlikehaldsprosjekt på kyrkja.

I løpet av sommaren fekk med hjelp av sommarvikarane og spreke pensjonistar til å male søre langveggen. Solid stillas fekk me låne hos Engevik & Tislevoll AS. Me har no komme inn i ein rytme der me malar litt av kyrkja kvart år i staden for å vente til heile bygget treng malast på nytt. Dette har me funne ut er ein praktisk og effektiv måte å løyse denne oppgåva på.

Det andre vedlikehaldsprosjektet me fekk gjennomført i 2015, var renovering av toalettanlegget under kyrkjekipet. Toalettet har mangla mykje for å ha tilfredstillande standard for slike anlegg. Rommet som er

## FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

til disposisjon opnar ikkje for så store val når det gjeld innreiing m.m. Likevel meiner me å ha fått på plass ei god og funksjonell løysing. All gammal innreiing vart fjerna før tak, vegger, golv og all innreiing vart fornya.

Varmeanlegget i kyrkja har ikkje vore heilt å lite på i året som gjekk. Anlegget er komplisert og har avanserte styringssystem som skal syta for at oppvarminga i kyrkja vert effektiv. Det har ved nokre høve vore svikt som har gjort at kyrkja har vore for kald. Dette vil me arbeida vidare med for å sikra meir stabil drift.

Heilt i starten på året fekk me nytt piano i kyrkja. Instrumentet er eit konsertpiano med særslig høg kvalitet. Pianoet er ei gavé frå ein familie som ville støtta arbeidet i kyrkja på denne måten. Gode instrument er med og byggjer opp om musikken og det som vert forkynt i kyrkja. Kyrkjelyden har mykje å takka for, som har slike gåvmilde og positive medlemer.

Kyrkjeringen har i 2015 kjøpt inn ryggputer til benkene, noko som er med på å heva komforten for dei som kjem til kyrkje.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## GRAVPLASSEN

Fitjar kyrkjegard har ord på seg, langt utafor bygda sine grenser, å vera ein svært velstelt gravplass. Dette er noko både kyrkjestaben og kommunen er oppteken av å ikkje slakka av på. Kyrkjegardsarbeidaren har ansvar for den daglege drifta av gravplassen. I sommarsesongen vert det i tillegg leigd inn ungdommar til å hjelpa til med plenklypping og anna arbeid, slik som t.d. maling av bygningane.. Til å stella dei gravene som kyrkja har ansvar for, leiger me inn deltidsarbeidarar gjennom året. Desse steller om lag 50 graver der dei etterlatte bur vekke, eller av andre grunnar ikkje har høve til å ta gravstellet sjølv. Dei som får utført denne tenesta betalar ein årleg sum til kyrkja. Alle som arbeider på gravplassen legg vekt på at dei pårørande og bygdefolket skal oppleva at den framstår på ein respektfull og fin måte.

Når det gjeld arbeidet med adminstrasjon av gravplassen, har omlegginga til digital registrering og kartotek gjort arbeidet mykje lettare. I 2015 fekk me og lagt ut informasjon om gravplassen på internetsida vår. Der er det no råd å søkja etter informasjon om gravlagde og graver på Fitjar kyrkjegard. Denne informasjonen kan så brukast til å finna fram til den aktuelle grava.

På Fitjar kyrkjegard er det registrert om lag 3000 graver. Det er mykje informasjon som skal knyttast til kvar grav. Her arbeider me heile tida med kvalitetssikring, slik at det ikkje ligg inne feil opplysningar.



## PROSJEKT

### Nytt orgel og galleri

Det største prosjektet me for tida arbeider med, er nytt orgel og galleri som skal takast i bruk i jubileumsåret 2017. I juli 2015 vart det skrive kontrakt med Ålems Orgelverkstad AB i Sverige om bygging av nytt klassisk pipeorgel med 24 stemmer. Orgelprosjektet har eit budsjett på 4,5 mill., der Fitjar kommune sitt bidrag er 3,5 mill. medan kyrkjelyden sjølv skal samla inn 1 mill. Når det nye orgelet skal på plass første kvartal 2017, må galleriet vera ferdig ombygd. Dette arbeidet skal gjennomførast hausten 2016.

Orgelprosjektet har så langt fått svært god mottaking hos folket og næringslivet i bygda. Mange vil vera med og engasjera seg i prosjektet med både pengestøtte og dugnadsinnsats.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## Jubileumsbok

Til kyrkjejubileet i 2017 skal det og komma ut ei jubileumsbok. Arbeidet med boka nærmar seg no sluttfasen. Kjetil Rydland, som er redaktør for boka, hadde ved utgangen av 2015, saman med fotograf Per Egil Larsen og lokale skrivrarar, fått inn alt stoffet som skal vera med i boka. Aud Gloppe er engasjert som designar og held i desse dagar på å setja stoffet i saman til ei komplett bok. Det er meininga at boka skal komma for sal i oktober 2016, slik at folk kan lese seg opp på kyrkjhistoria alt før jubileumsåret startar, og ha den med seg gjennom heile året.

## Overordna plan for framtidig arealbruk på gravplassen

Som nemnt tidlegare i årsmeldinga, er det på Fitjar kyrkjegard registrert om lag 3000 graver. Svært mange av desse er så gamle at dei kan brukast oppatt. Dette er ikkje berre lett å få til. I gravferdslova er det fastsett kva mål som skal vera på ei kistegrav. Desse måla har auka sidan dei eldste gravfelta på vår kyrkjegard vart etablert. Dette fører til at det kan vera vanskeleg å få plass til nye graver på gamle gravfelt. Fornying av gamle gravfelt bør prioriterast før utviding av kyrkjegarden. No vil me laga ein overordna plan for gravplassen, som kan visa korleis ein bør disponera gravplassen med fornying av gamle felt i 50 – 60 år framover. Kommunestyret har løyvd pengar i budsjettet som kyrkja kan nytta til føremålet.

## RÅDSARBEID

Sokne- og fellesrådet har gjennom året hatt 11 møte der det har vorte behandla 109 ulike saker. Medlemene i sokne- og fellesrådet er etter valet i haust desse:

- Helga Olsen Aadland, leiar i soknerådet
- Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet
- Sigrid Marie Fangel, nestleiar i soknerådet
- Terje Havro, nestleiar i fellesrådet
- Bodil Nesse, skrivar
- Sindre Aarbø
- Gunnvald Aarbø
- Mette Elisabeth Lambach
- Olav J. Oma, sokneprest
- Sigurd André Maraas, kommunal representant

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## Økonomi

### ARBEID MED BUDSJETT OG REKNESKAP

Arbeidet med økonomisk forvaltning i kyrkja føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja og økonomiavdelinga i kommunen.

Kyrkja sitt rekneskap er for 2015 gjort opp med eit netto resultat på kr. 313.464,-. I budsjettet var det lagt opp til at kyrkjerekneskapet skulle gå omrent i balanse. Hovudårsaka til at overskotet vart såpass stort, er at det var budsjettert med kantor heile året, medan den nye kantoren ikkje tok til i tenesta før 1. oktober. Stillinga som kyrkjetenar stod og ubemanna deler av året. Elles er det alltid avvik på fleire av postane i budsjettet, men ikkje noko av dette er urovekkjande.

Når det gjeld balansen, står det no kr. 2.070.305,- i bundne fond. Fordelinga er å finna i note 4 i tabellen på side 15. I 2015 er det komme inn eit nytt fond på kr. 270.000,-. Det gjeld Knut K. Rydlands legat som vart oppretta for om lag 100 år sidan. Legatet har fram til no stått inne på privat bankkonto. Soknerådet har gjort vedtak om at legatet kan takast vare på av kyrkja og forvaltast av eige styre, slik det er fastsett i vedtekten. Soknepresten og eitt medlem av soknerådet skal alltid vera med i styret.

Fleire detaljar om rekneskapet er å finna i tabellane på dei neste sidene.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## RESULTATREKNESKAP, BALANSE OG NOTAR

<b>Tekst</b>	<b>Fitjar Sokn, resultatrekneskap</b>	
	<b>Rekneskap 2015</b>	<b>Rekneskap 2014</b>
Brukarbetalinger	414 824	454 843
Refusjon	1 174 006	608 818
Offentlege tilskot	1 921 900	1 921 900
Andre tilskott, innsamla midlar	1 421 078	704 990
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>4 931 808</b>	<b>3 690 551</b>
 Løn og sosiale utgifter	1 779 464	2 147 808
Kjøp av varer og tenester	965 023	712 007
Refusjonar/overføringer	419 447	123 746
Tilskott og gåver	508 582	400 544
Avskrivningar	160 359	165 168
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>3 832 875</b>	<b>3 549 272</b>
 <b>Brutto driftsresultat</b>	<b>1 098 933</b>	<b>141 279</b>
 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	29 983	40 113
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>29 983</b>	<b>40 113</b>
 <b>Sum eksterne finansutgifter</b>		<b>26</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>29 983</b>	<b>40 087</b>
Motpost avskrivningar	160 359	165 168
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>1 289 275</b>	<b>346 534</b>
 <b>Avsetjingar:</b>		
Bruk av bundne driftsfond	53 527	42 300
Sum bruk av avsetjingar:	53 527	42 300
Overført til investeringsrekneskapet	110 871	
Avsetjing til disposisjonsfond		333 679
Avsetjing til bundne driftsfond	918 467	55 156
<b>Sum avsetjingar</b>	<b>1 029 338</b>	<b>388 834</b>
<b>Resultat</b>	<b>313 464</b>	<b>333 679</b>

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## **Fitjar Sokn, balanse**

	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
<b>EIGEDELAR</b>		
<b>Anleggsmidlar</b>	<b>5 340 225</b>	<b>4 929 664</b>
Faste eigedommar og anlegg	5 068 890	4 733 580
Utstyr, maskiner og transportmidler	226 302	156 690
Utlån	45 033	39 394
<b>Omløpsmidlar</b>	<b>3 156 563</b>	<b>2 421 497</b>
Kortsiktige fordringer	219 400	133 579
Aksjar og andelar		
Sertifikater		
Obligasjoner		
Kasse, bankinnskudd	2 937 163	2 287 918
<b>Sum egedeler</b>	<b>8 496 788</b>	<b>7 351 161</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>	<b>8 051 464</b>	<b>6 863 826</b>
Disposisjonsfond (Note 3)	327 470	0
Bundne driftsfond (Note 4)	2 070 304	1 606 693
Rekneskapsmessig mindreforbruk (Note 6)	313 464	333 679
Rekneskapsmessig meirforbruk		
Udekka i investeringsrekneskapen (Note 5)	-6 209	
Kapitalkonto	5 340 225	4 929 664
<b>Gjeld</b>		
<b>Langsiktig gjeld:</b>		<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld:</b>	<b>445 325</b>	<b>487 335</b>
Annan kortsiktig gjeld	445 325	487 335
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>8 496 788</b>	<b>7 351 161</b>

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## Notar

### Note 1 Pensjonsforplikting

Pensjonsforpliktinga er dekka gjennom KLP. Årets forplikting er utgiftsført.

### Note 2 Eigenkapitalinnskot KLP

	Pr 31.12.2015
Eigenkapitalinnskot KLP	44 033
Aksjar Kirkepartner	1 000

### Note 3 Disposisjonsfond

	Pr 31.12.2015
Generelt disposisjonsfond	327 470

### Note 4 Bundne fond

	Pr 31.12.2015
Fond gravfestemidlar	126 121
Utsmykking	5 486
Orgel	283 294
Kyrkjelydsprest	940 158
Diverse prosjekt	119 457
Knut K. Rydlands legat	270 000
Gravlegater	325 789
<b>Sum bundne fond</b>	<b>2 070 305</b>

### Note 5 Udekka i investeringsrekneskapen

	Pr 31.12.2015
Udekka invest. 15	0
Udekka invest. 14	0
<b>Sum udekka investering</b>	<b>6 209</b>

### Note 6 Udekka i driftsrekneskapen

	Pr 31.12.2015
Udisponert i driftsrekneskapet 2015	313 464
<b>Sum udisponert drift</b>	<b>313 464</b>

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## Anna arbeid i kyrkjelyden

### TEMAKVELDAR

Dette året har me arrangert 11 temakveldar i kyrkja vår.

Som tidlegare har me og i 2015 prøvd å halda fast ved den siste torsdagen i månaden som "vår" kveld. Nokre gonger har me mått justera dette anten grunna feriar/høgtider, eller fordi medverkande ikkje har vore tilgjengelege når me kunne ønskja. Kveldane er varierte og skal ha låg terskel ,ulikt innhald og form.....song/salmekveldar, utstilling, foredrag, konserter osb.

I arrangementsgruppa sit ;Benedicte Meyer, Hildegunn Aadland, Anne Britt Tornes og Eli N .Simonsen. Me har jamnlege planleggingsmøte og prøver å ha klart programmet eit halvt år/år i førevegen. Me set opp plakatar for haust/vårhalvåret og gjer arrangementa våre kjende gjennom lokale aviser, Kyrkja si nettside ,Sunnhordlandskalenderen og Facebook.

Også dette året var me med i Fitjarfestivalen.Dette set me stor pris på.Ola Bremnes var med i kyrkja i august. Julekonserten med Marianne Juvik Sæbø ,Terje Kleppe og Osternes Mannskor ser ut til å verta ein tradisjon.

### Programmet vårt har i 2015 vore slik:

**Januar:** Konsert med **Solveig Leithaug,Siren Godøy og Barbro Sulebakk**

**Februar:** Avlyst(foredrag med Stein Husebø)

**Mars:** Konsert med **Runar Gudmundsson,Veslemøy Fluge Berg og Irene Simonsen**

**April:** Salmekveld med **Sanctus.**

**August** Konsert med **Ola Bremnes**(Fitjarfestivalen) og foredrag med **Åshild Ulstrup**

**September:**"Som skrevet står"med **Svein Tindberg**

Konsert med **Rune Alver** ,kunstutstilling med **Kirsti Willemse**

**Oktober:** Midt i livet"-Musikalsk kjøkenbordsfilosofi med **Bodil og Runar Kvernernes Nørsett**

**November:**" Son of God"--**St.Sunniva og Alfa Trio**

"Tro og lidelse—er Gud tilliten vår verdig"-**Torborg Aalen Leenderts**

**Desember :** Julekonsert med **Marianne Juvik Sæbø,Terje Kleppe og Osternes mannskor**

For temakveldgruppa: Eli N. Simonsen

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## DIAKONINEMNDA

Diakoninemnda har som mål å gjennomføre desse tiltaka gjennom året:

Organisere besøkstenesta.

Arrangere to dagsturar.

Blomehelsing til alle som fyller runde år fra 80 og oppover.

Juleblom til besøksvener

Blomehelsing til Havnahuset og Sjukeheimen i desember.

Blomehelsing til nære pårørande etter dødsfall.

Deltaking i gudstenesta på Alle Helgens Dag.

Hyggestund på Havnahuset i januar.

I året 2015 hadde diakoninemnda fem planleggingsmøtemøte og handsama 15 saker. 32 personar fekk blom ved alder 80, 85, 90 eller 95 år. Det var også mange sørjande som fekk besøk og blom.

Diakoninemnda sine medlemmer organiserer besøkstenesta, og er sjølve med i arbeidet, i tillegg til mange andre frivillige. Alle desse har jamleg kontakt med kvar sine besøksvener.

Dette året var det mange påmelde til middag på Seniorsenteret etter Alle Helgens- gudstenesta.

Då me arrangerte hyggestund på Havnahuset, vart fire 95 -åringar inviterte. Dei budde heime då. Me ønskete å heidre desse som kunne feire 80 års-jubileum som konfirmantar.



Dei to årlege bussturane som nemnda arrangerer er opne for alle, uansett alder. Den 2. juni arrangerte me busstur rundt Stordøya med blant anna middag på Fjellstova og besøk på Sunnhordland Museum. I september reiste me til Rosendal med besøk i Baroniet og kyrkja. Nærare 40 personar var med på kvar av desse kjekke turane.

Diakoninemnda hadde planlagt besøksfest i november, men den gjekk ut fordi soknerådet inviterte alle besøkjarar til festkveld saman med medlemmer i dei ulike nemndene som avslutta sin fireårsperiode.

Det økonomiske ansvaret for diakoninemnda tek kyrkjeverje seg av.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

I siste sak som avtroppande diakoninemnd arbeidde med står det:

«Denne diakoninemnda avsluttar no. Det er nyvald sokneråd som skaffar personar til ny nemnd. Me oppfordrar til fokus på besøkstenesta. Liste over alle som har vore med i denne tenesta ligg saman med møtereferatet. Utanfrå har det kome framlegg om å ha eit medlem som representerer heimesjukepleien med tanke på å fange opp personar som ønskjer/treng ein besøksven. «

For diakoninemnda

Turid Sandvik



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## BAKKEN BARNEHAGE

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage . I vedtekten for barnehagen står det: "Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleveling av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid." Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemnar styret for stiftinga. Styret for stiftinga i 2015: Erling Prestbø (leiar), Rasmus Fitjar, Frøydis Almås og Torunn K. Aarskog. Ein representant frå Stiftingstyret og ein representant frå soknerådet er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen.

Barnehagen har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for born i alderen 0-6 år. Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på born i barnehagen varierer med alderen til borna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdelinga har 12 born), og bemanninga er 4 årsverk pr avdeling.

### Born pr. 15.desember 2015

61 born, 53 born har fulltidsplass og 8 born har deltidsplass (60%). Stadig fleire vel å ha fulltidsplass. 16 born er under 3 år (fødd i -13 og -14) og 45 born er over 3 år (fødd i 2010, 11 og 12). Vi har hatt fullt belegg heile året og vi har venteliste. Vi har born med særskilde behov og desse får i følgje vedtak, ekstra ressursar . Kommunen refunderer kostnadene med dette.

### Personalressursar pr. 15 desember 2015:

Styrar: 1 årsverk, styrarassistent 0,10 årsverk, Pedagogiske leiarar/ barnehagelærarar: 5 årsverk, Fagarbeidar/ assistenter: 7 årsverk, Ekstra-assistent 0,8 årsverk, Reinhald: 0,4 årsverk + timebasert vaktmeisterteneste. Totalt 14,4 årsverk og 17 tilsette!

### Nytt i 2015

Heile året 2015 var prega av utbygging. Vi bygde på barnehagen for å få plass til småbarnsavdelinga som me leide plass til i Klubbhuset , og i tillegg fekk vi heilt ny personalavdeling med arbeidsplassar til pedagogane, nytt styrarkontor og stort og flott personallrom/ pauserom. Forholda for dei tilsette er blitt veldig bra! Det har også blitt fleire nye fellesrom: bibliotek og formingsrom. Barnehagen har fått 2 nye kjøken med steameroppvaskmaskin og god plass til at borna kan vera med på matlagning. Uteleikeplassen er også blitt oppgradert med nye leikeapparat og asfaltert sykkelbane. Vi har fått ein barnehage med gode og tenlege lokale!

Investeringa var på vel 5 mill. Men drifta er sunn, med årlege overskot som blir sett av til fornying inne og ute.

### Kompetanseheving

Kompetanseheving for dei tilsette er ei viktig inspirasjonskjelde. Dei fleste barnehagane i Fitjar er med i kompetansehevingsprosjektet "Være Sammen".

Her har 4 barnehagelærarar teke vegleiingskurset ( 4 dagar) og alle tilsette har vore med på 2 dagskurs + vi har hatt dette som tema på personalmøte. Vaksenrolla og sosial kompetanse er i fokus i dette opplegget.

## FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

Barnehagen har ei framifrå plassering med Rossneset som turområde. Her har vi lavvo som blir mykje nytta .

Prestane og kyrkjelydspedagog er på besøk kvar månad og tek del i formidlinga av bibelforteljingar etter oppsett plan. Elles har vi samlingsstund med bibelforteljing kvar veke og kristne barnesongar er ein naturleg del av kvardagen. Dei kristne høgtidene har ein stor plass hos oss med blant anna påskevandring og pinsevandring i kyrkja. I adventstida øver me inn eit julespel som blir vist for foreldra og besteforeldra på Vennskapsfesten vår i bedehuset . Vi blir kjent med Stefanusborna i Egypt , og kvart år sender me over kr. 20 000 til dei frå utlodninga på Vennskapsfesten.

Torunn K. Aarskog

Styrar

15.03.2015



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2015

## KYRKJERINGEN

Kyrkjeringen er ei foreining som arbeider for å halda kyrkja fin og funksjonell når det gjeld , utstyr, inventar og utsmykking. Blomar og anna pynting av alteret er det og kyrkjeringen som tek seg av. Dette arbeidet er det Haldis Abotnes som har gjort på dugnad heile året.

Det har vorte halde 8 møter gjennom året. I samband med møta vert det samla inn pengar til arbeidet. I 2015 kom ryggputene som kyrkjeringen har kosta på plass i kyrkja.

For Kyrkjeringen, Ellen Vestbøstad

## FRIVILLIGNEMNDA

Frivilligmndna har som sitt oppdrag å inspirera og syta for gode arbeidsvilkår for dei som vil gje ein frivillig innsats i kyrkjelyden, både gjennom arbeid og gåver. Me har hatt 4 samlingar i løpet av 2015. Det har ikkje vore gjennomført samling for frivillige dette året.

Ved årets slutt ynskjer Arne Devik og Vigdis Aarre Olsen å gå ut av frivilligmndna etter fleire år. Dei har gjort ein god jobb. Sonja Pedersen og Mette Lambach kjem inn i nemnda frå 2016. Aase Nøttveit vert bytta ut, helst med ein mann, når denne melder seg.

Medlemer i Frivilligmndna i 2015 var: Vigdis Aarre Olsen, Aase Rygg Nøttveit og Arne Devik

For Frivilligmndna, Aase Nøttveit, 01.04.2016

## KVELDSBØN/STILLE KVELD

Kveldsbøn/stille kveldar i kyrkja er eit arrangement med roleg musikk, tekstlesing, bøn og rom for etertanke. Det har vore vanleg med attangement om lag ein gang i månaden. Det har komme tilbakemeldingar på at arrangementet vert sett pris på.

## KYRKJEMIDDAG

Kyrkjemiddag på bedehuset vart arrangert på bedehuset fleire torsdagar våren 2015. Tiltaket, som er eit samarbeid mellom soknerådet og ei elevbedrift ved Fitjar vidaregåande skule, har hatt god oppslutning på alle samlingane. Det nye soknerådet vil vurdera å vidareføra tiltaket.

## PÅSKEMÅLTID

Før påske 2015 vart det arrangert påskemåltid på Fitjar bedehus i samarbeid med Israelsmisjonen. Tiltaket hadde god oppslutning.